

Velledalen Naturbarnehage SA



MOBBING AV BARN I BARNEHAGEN

NR: 5.3.1

Formål:	Ivareta retten til eit fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring for kvart einskild barn.
Utførast av:	Aktive og tydelege vaksenpersonar i barnehagen.
Når:	Kontinuerleg.
Henvisingar:	<u>Barnehageloven § 2</u> <u>Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler § 12</u>
Hjelpemiddel:	<u>Mobbing i barnehagen- veiledningshefte</u> <u>Helse, miljø og trivsel i barnehagen</u>
Dokumentasjon:	5.3.2 Tiltaksplan og 5.3.3 Referater fra møter vedrørande mobbing i einskildsaker vert oppbevart i mappa til barnet.
Ansvar:	Dagleg leiar er overordna ansvarleg.

Mobbing i barnehagen er når eit einskild barn systematisk over tid vert forneda av eit anna barn eller ei barnegruppe og makttilhøvet mellom partane er skeivt. Maktmidla som nyttast kan til dømes vere slag, spark, erting, utestenging eller ignorering.

Vi ønskjer å hindre mobbing og skape eit trygt miljø for barna i vår barnehage med aktive og tydelege vaksne:

- som er medvitne sitt ansvar når det gjeld å førebyggje og slå ned på mobbing (nulltoleranse).
- som skaper eit barnehagemiljø der barn og vaksne vert møtt med varme, anerkjenning og oppmuntring der dei opplever seg sjølv som respekterte og verdifulle.
- som anerkjenner og støttar barnet sitt eige initiativ ved aktivt å sjå og lytte til barnet.
- som jobbar målmedvitne med sosial kompetanse (sjølvhevdning, empati og rolletaking, prososial åtferd, sjølkontroll, leik, glede og humor).
- som går aktivt inn i situasjoner med frileik der det vert oppdaga uhedige maktmønstre for å inspirere til variasjon og nye impulsar i forhold til leiketemaet.
- som aldri snakkar negativt om einskild barn til andre barn eller vaksne.
- som tek aktivt kontakt med barna inne og ute.
- som gir fysisk kontakt til alle barna etter tur.
- som rosar barna og gir positive signal
- som samtalar med barna i små grupper om korleis dei har det i barnehagen.
- som samarbeider med foreldra og snakkar saman om korleis mobbing kan hindrast på foreldremøte og personalmøte.

Dersom det likevel oppstår mobbing i vår barnehage skal tiltak rettast mot det einskilde barnet, heile barnegruppa og heile miljøet:

- 5.3.2 Tiltaksplan når mobbing skjer

Velledalen Naturbarnehage SA



- 5.3.3 Referat fra møte vedrørende mobbing

Velledalen Naturbarnehage SA



TILTAKSPLAN NÅR MOBBING SKJER

NR: 5.3.2

Det skal skrivast referat frå alle møte (5.3.3)

Tiltak	Ansvar	Gjennomført Sign. og dato
PERSONALET Observasjoner ang. mobbing skal takast opp i heile personalgruppa på avdelingsmøte eller personalmøte. Den som har observert mobbing skal skildre så konkret som muleg kva som har skjedd. Korleis var åtferda til dei vaksne? Bli samde om tiltak vidare.	Dagleg leiar er ansvarleg i samarbeid med den som har observert situasjonen.	
BARNA Snakk med barna om det som har skjedd. Be barna kome med framlegg til kva som kan gjerast med situasjonen. Samanfatt framlegga frå barna med det personalet har kome fram til.	Pedagogisk leiar er ansvarleg på si avdeling/base. Dagleg leiar er overordna ansvarleg.	
FORELDRE Foreldra til den som blir mobba og til den/dei som mobbar kallast inn til eit møte der dei blir informert og teke med på råd.	Pedagogisk leiar på aktuell avdeling / base. Dagleg leiar er overordna ansvarleg.	
EVALUER <ul style="list-style-type: none"> • Evaluer etter 1 mnd. <ul style="list-style-type: none"> • Samtal med barna. • Skriftleg informasjon eller samtale med foreldra. • Eventuelle vidare tiltak. • Ny evaluering etter 6 mnd, evt vidare tiltak. 	Pedagogisk leiar på aktuell avdeling/base Dagleg leiarr er overordna ansvarleg.	

Velledalen Naturbarnehage SA



REFERAT FRÅ MØTE VEDRØRANDE MOBBING

NR: 5.3.3

Skjemaet skal oppbevarast i mappa til barnet (evt. kopi til foreldre).

Dato:

Tilstades på møtet var:

Dato for oppfølgingsmøte:

Skildring av saka	Tiltak	Ansvar

.....
underskrift tilsett

.....
underskrift tilsett

.....
underskrift foreldre

.....
underskrift foreldre

HMS-dokumenter
2013/endra :

Godkjent av: Torild Hole
Revidert:

Dato: 08.03.13
Dato: